

Journalistikk under krigføring

Korleis har kjeldebruken vore i den norske mediedekninga av krigen i Ukraina?



Bacheloroppgåve i journalistikk

Universitetet i Stavanger

2022

Håkon Mannsåker

255905

Veileder: Terje Hillesund

Forside

Bacheloroppgåve

Studieprogram: Journalistikk

Opptaksår: 2019

Er oppgåva konfidensiell? (skriv X) NEI: X JA: _____

Kan oppgåva nyttast til undervisningsformål (anonymt)? JA: X NEI: _____

Forfatter(e)

Studentnr (6 siffer)	Namn:
255905	Håkon Mannsåker

Oppgåvas tittel:

Journalistikk under krigføring – Korleis har kjeldebruken vore i den norske mediedekninga av krigen i Ukraina?

Veileder: Terje Hillesund

Forord

I 2019 søkte eg meg inn på journalistikkstudiet med ein draum om å bli sportsjournalist. I løpet av mine tre år på Universitetet i Stavanger har studiet opna moglegheiter for meg som gjer at eg kan sei at eg er på god veg mot draumen min.

Dette og mykje anna vil eg rette ein stor takk til alle mine faglærarar og medstudentar. De har gjort at desse åra har vore nokre av dei kjekkaste og mest lærerike åra eg har hatt.

Eg vil også rette ein spesiell takk til min veileiar Terje Hillesund, som gav meg ærleg og tydeleg tilbakemelding då eg trengde det som mest.

Til slutt vil eg takke familien min som har motivert meg gjennom heile studieløpet. Etter 17 år med skole skal det likevel bli særst godt med nokre nye samtaletema rundt middagsbordet.

Stavanger, 11. mai 2022

Håkon Mannsåker

Innholdsfortegnelse

KAPITTEL 1 INTRODUKSJON.....	5
1.1 PROBLEMSTILLING	6
KAPITTEL 2 TEORI	6
2.1 SAMFUNNSOPPDRAGET	6
2.2 IDEALET OM OBJEKTIVITET	6
2.3 MEDIA UNDER KRIG	7
2.4 TIDLEGARE FORSKING	9
KAPITTEL 3 METODE.....	11
3.1 KVANTITATIV INNHALDSANALYSE	11
3.2 ENINGAR.....	12
3.3 UTVAL AV ENINGAR	12
3.3.1 MEDIEHUS.....	12
3.3.2 TIDSPERIODE	13
3.3.3 KANALAR.....	14
3.4 VARIABLAR.....	14
3.4.1 BILETBRUK	15
DATAMATRISE 1	15
3.4.2 KJELDER.....	15
DATAMATRISE 2	16
3.4.3 VINKLING.....	16
DATAMATRISE 3.....	16
3.5 FEILMARGIN	17
KAPITTEL 4 EMPIRI	17
4.1 BILETBRUKEN	17
4.1.1 BILETBRUK NRK	17
DATAMATRISE 1.1	17
4.1.2 BILETBRUK VG.....	18
DATAMATRISE 1.2	18
4.2 KJELDEBRUK	18
4.2.1 KJELDEBRUK NRK	18
DATAMATRISE 2.1	19
4.2.2 KJELDEBRUK VG.....	20
DATAMATRISE 2.2	20
4.3 VINKLING	21
KAPITTEL 5 ANALYSE OG DISKUSJON.....	21
5.1 VIDARE FORSKING	25
5.2 KONKLUSJON.....	26
LITTERATURLISTE	27
ARTIKLAR OG NETTSIDER.....	28

Kapittel 1 Introduksjon

«The first casualty when war comes is truth».

Orda kjem frå senator Hiram Johnson i det amerikanske senatet i 1917 (Schwebs et. al, 2020, s. 124). Men sjølv om ytringa er over 100 år gamal, er den framleis like presis. Kanskje har eg vore naiv, men vi har hamna i ein situasjon eg aldri hadde sett føre meg skulle skje. Det er krig i Europa igjen, og det er krig som er temaet i denne oppgåva.

Sidan krigen i Ukraina braut ut, har medietrykket naturleg nok vore heilt enormt. Berre frå 24. februar, då Putins Russland starta invasjonen av Ukraina, til 7 april hadde norske mediehus publisert nesten 90.000 små og store oppslag kor krigen var nemnd (Lavik, 2022, Journalisten). Men krig er ikkje noko nytt i verda.

Journalistikk under krig er eit tema som det har blitt forska mykje på både her i Norden og internasjonalt. Eg vil i denne bacheloroppgåva ta utgangspunkt i noko av den tidlegare forskinga og bygge vidare på den slik at eg kan finne svara på dei problemstillingane som eg er nysgjerrig på.

Bakgrunnen for dette prosjektet ligg i min hypotese om at dei ukrainske ofra kjem meir til uttrykk enn det sivile ofre gjorde i Irak-krigen i 2003. Det er fleire grunnar til at eg ynskjer å undersøkje dette nærare. Eg vil finne ut om bruken av sivile kjelder har endra seg samanlikna med resultata frå den tidlegare forskinga eg har hatt fokus på. Ein annan ting som er interessant å finne ut av er om mediehusa har løyst dette på same måte, eller om det er ein tydeleg forskjell i bruken av kjelder i stoffet dei publiserer før og no. Så vil det også bli interessant å sjå om hypotesen min stemmer, og i kor stor grad den eventuelt gjer det, eller om det ikkje stemmer i det heile tatt.

Eg har valt å byggje opp denne oppgåva med å fyrst gå gjennom problemstillinga. Deretter vil eg presentere relevant teori for problemstillinga og tidlegare forskning på dette feltet. Etter det vil eg gå inn på metoden eg har nytta, før eg legg fram empirien som eg seinare skal analysere og drøfte. Heilt til slutt vil eg komme med ein konklusjon.

1.1 Problemstilling

Som ein konsekvens av min hypotese kan problemstillinga mi summerast opp gjennom hovudspørsmålet:

I kor stor grad er det ofra sjølv som er kjeldene i eit utval av medias dekning av krigen i Ukraina?

For å underbygge problemstillinga har eg også eit underspørsmål:

- Har media belyst begge sider av saka i artiklane kor ofra er med som kjelder visuelt?

Kapittel 2 Teori

Eg skal nytte dette kapittelet til å presentera relevant teori og tidlegare forskning som har vore med på å leggje grunnlaget for problemstillinga.

2.1 Samfunnsoppdraget

Det er vanskeleg å skrive ei oppgåve om medias dekning, utan å nemne *samfunnsoppdraget*. Det er det gode grunnar for. Ifølgje Burås er samfunnsoppdraget fundamentalt for eit vel fungerande demokratisk samfunn (Brurås, 2015, s. 37). Oppdraget går ut på at ei uavhengig og fri presse skal vere ein informasjonsformidlar og overvakar, i tillegg til å vere granskar av dei med innflytelse i samfunnet, kommentere og analysere samfunnsforholda og til slutt fremma kommunikasjon mellom politiske, faglege og ideelle grupper i samfunnet (Brurås, 2015, s. 37). Jobben som informasjonsformidlar inneber at pressa ska gje publikum informasjonen dei treng for å komme fram til si eiga meining i samfunnsspørsmål. Det er ikkje alt publikum har rett på å få vite, men saker av tyding i samfunnssamanheng er noko folket har rett på.

2.2 Idealet om objektivitet

Krigen i Ukraina er eit klart og tydeleg døme på noko pressa skal informere folket om med tanke på alvorret av hendingane. Når vi snakkar om krigen i Ukraina er det ein annan del av

journalistikken som er verdt å sjå nærare på, nemleg *objektivitetsidealet*. For sjølv om vesten har tatt eit tydeleg standpunkt og sagt at dei fordømmer handlingane som Russland gjer i Ukraina, har journalistikken som oppgåve å forsøkje å gje ei objektiv formidling av det dei dekker. Men Brurås opplev at det har åka ein debatt rundt journalistrolla og spørsmål om nettopp objektivitetsidealet i mange år (Brurås, 2015, s. 47). Skal journalisten sjølv kunne delta i dei sakene ho eller han rapporterer om og fortelje om eigne personlege kjensler og historier, eller er vedkommande ein nøytral referent som objektivt refererer til det som skjer? Journalistar er som alle andre menneskjer og vil alltid ta med seg sin identitet, sosiale og kulturelle bakgrunn, røter og verdiar sjølv om ein ikkje trur det sjølv (Brurås, 2015, s. 50). Den amerikanske fordjupingsjournalisten Lauren Kessler meiner at objektivitet i journalistikken berre er eventyrssnakk (Brurås, 2015, s. 49). Ifølgje Brurås handlar idealet om objektiv journalistikk om å forsøkje å gje eit mest mogleg realistisk bilete av verkelegheita (Brurås, 2015, s. 54).

Objektivitet handlar om å komme nærast mogleg sanninga, og å gje eit mest mogleg realistisk bilete av verkelegheita. Det kan innebere nøytralitet og balanse, men ikkje nødvendigvis (Brurås, 2015, s. 51).

Heller ikkje Vær Varsam-plakaten, som i Noreg er det sentrale presseetiske dokumentet med eit sett av yrkesetiske reglar utforma og vedtatt av Norsk Presseforbund, stiller eit ultimatum eller krav om at journalistar skal være objektive eller nøytrale (Brurås, 2015, s. 54). I praksis vil dette sei at når journalistane i NRK og VG, som eg skal gjere analysen min på, skal skrive om krigen i Ukraina, skal dei forsøke så godt det lar seg gjere å gje eit realistisk og balansert bilete av kva som faktisk skjer der.

2.3 Media under krig

Eit konkret døme på at media har feila på dette punktet ved tidlegare krigar er dekninga amerikansk media gjorde av krigen i Vietnam (Brurås, 2015, s. 50). Då refererte dei nyheitene ukritisk og lojalt slik som Pentagon presenterte dei, under den første delen av krigen. Då nyheitsredaksjonane etter kvart tok eit val om å sjølv undersøkje kva som skjedde og nytta andre kjelder enn dei offisielle. Resultatet var at mostanden mot krigføringa auka, og det som media sjølv hadde presentert som objektiv journalistikk vart avslørt at ikkje var sann i alle

tilfelle. Det gjorde at tilliten til objektiv journalistikk vart ytterlegare svekka (Brurås, 2015, s. 50).

Ifølgje forskaren og journalisten Philip Knightley er det ikkje berre ved Vietnamkrigen usanne nyheiter har vert publisert under ein krig (Schwebs, Ytre-Arne & Østbye, 2020, s. 124). Han har samanfatte følgjande vurdering av media si rolle under krig, som han meiner då vert ein viktig aktør:

1. *Statsmaktene legg ned mykje arbeid i å førebu nasjonen på krig og på å skape og halde oppe ein allmenn entusiasme for krigen. Media er særskilt viktige i dette arbeidet.*
2. *Media er villige til å la seg bruke og la seg manipulere av statsmaktene* (Schwebs et. al., 2020, s. 124).

Knightley meiner at ein finn slik propaganda i fleire krigar sidan 1. verdskrig. Dei viktige punkta for propaganden er då:

- *Få igjennom den budskapet at krigen er retta mot ein farleg aggressor.*
- *Viss eins eige land ikkje er direkte trua: Overtyd folk om at landet vert utsett for ein langsiktig trussel om ikkje aggressoren vert stoppa i tide.*
- *Demoniser fienden: Framstill han som eit udyr i menneskeskapnad* (Schwebs et. al., 2020, s. 124).

Sidan krigen i Ukraina braut ut har vi sett artiklar med titlar som til dømes «- Putin er ein satan. Han er fanden selv!», «En hel verden fordømmer Russland etter rystende bilder: Kremli hevder de var iscenesatt» og «Ukraina-krigen får store konsekvenser for den globale handelen» (Nave, Foss & Lægland, 2022)(Revheim-Rafaelsen & Thommessen, 2022)(Nave, 2022). Dersom vi ser på Knightleys punkter for propaganda og set dei opp mot titlane til artikkane kan vi sjå likskap til det han meiner vi har sett i fleire krigar sidan 1. verdskrig.

Knightley uttrykkjer fare ved å framstille motparten, i denne oppgåvas samanheng Russland og Putin, som representant for den absolutte vondskapen (Schwebs et. al., 2020, s. 124). Dersom ein gjer det vil ein ifølgje Knightley stenge for kompromiss og avgrensa krigar, fordi absolutt vondskap må utslettast og ein kan ikkje forhandle med det. På den andre sida har Knightleys forskning fått kritikk frå mellom anna Martin McLaughlin som i sin analyse av då

NATO bomba Kosovo i 1999, konkluderte med at media til dels har vore utsett for det han omtaler som unfair kritikk (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 15). McLaughlin karakteriserer Knightleys forskning for å vere «*a deeply pessimistic verdict*» (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 15).

2.4 Tidlegare forskning

Ifølgje Kristensen & Ørsten reknar ein ofte Vietnam-krigen som den fyrste mediekrigen (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 212). Då formidla mediene for fyrste gong ein krig direkte inn i stovene til befolkninga, og dei fikk sjå levande bileter til kveldsmaten. Sidan det har det vore gjennomført mykje forskning på krigsjournalistikk opp gjennom åra. I denne oppgåva har eg valt å sjå nærare på nokre av dei mest relevante tidlegare forskingane for mi problemstilling. Dei vil eg presentere og gå nærare inn på no.

Vi kan byrje med å ta for oss resultatet i ein av forskingane som har vore viktigast for mitt val av problemstilling. Dette er John W. Robertsons analyse av skotske morgonavisers dekning av krigen i Irak i 2003 (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 15). I undersøkinga fant han ein openbar bruk av militære kjelder, i tillegg til eit manglande søkjelys på dei sivile ofra og omkostningane i krigen. Når det gjeld sistnemnde vart det eit fellestrekk i forskinga mot slutten av 90-talet at ofra i krigane omtrent hadde blitt redigert heilt ut av dekninga i krigsjournalistikken (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 16). Det vil sei at krigens offer verken vart debattert eller fekk stor plass visuelt i media.

Det er forskjellige meiningar kvifor ofra var fråverande i medias dekning av krigar. Ein analyse av fleire danske mediers fotografiske illustrasjonar av Irak-krigen peika på mediejuridiske forhold som årsak for fråveret. Det vil sei at media vel å ikkje publisere bileter som dei har av ofra på grunn av etiske retningslinjer som sjølvensur og reell sensur (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 16).

Eit perspektiv som Hans-Henrik Holm meiner kan forklare fråveret er markedspektivet. For media kan ein god dekning av krig tiltrekke fleire lesarar og sal av aviser og abonnement. Men lesarar og sjåarar er ikkje interessert i å sjå for mykje bileter av såra eller daude i krigen. Dette underbygg studiar som er gjennomført i Storbritannia og USA som har vist at befolkninga ikkje ynskjer sannheita om ein krig (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 17). Snarare

tvært om vil folk oftare ikkje vite for mykje konkret om korleis krigane vert utkjempa. Dette meiner Holm kan føre til at media har estetisert tidlegare krigar (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 17).

De to professorane innan journalistikk og kommunikasjon Nete Nørgaard Kristensen og Mark Ørsten har også forska på Irak-krigen. Dei gjorde ein kvantitativ og til dels kvalitativ innhaldsanalyse av dansk medias dekning av invasjonen i 2003. Då undersøkte dei forskjellane i forholdet mellom seks danske medier og staten under ein krigssituasjon (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 58). Dei undersøkte totalt 2045 analyseiningar fordelt på mediehusa Morgenavisen Jyllands-Posten, Dagbladet Politiken, Dagbladet Information, Danmarks Radio (TV), TV2 og Danmarks Radio P1. Eit kodeskjema med totalt 18 kategoriar låg grunnlaget for den systematiske registreringa og til slutt analysen av medieinnhaldet (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 37). Hensikta med kodeskjemaet var mellom anna å beskriva analyseiningane ut å frå forskjellige parametrar, medan andre kategoriar tok for seg analyseininganes innhald eller kjeldene til historiane (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 37).

Det er spesielt kategoriane som fokuserte på kjeldene til historiane som er interessante i mi eigen analyse. Her nytta dei mellom anna kategoriar som militærperson/organisasjon, politiskar, andre medier, sivile og nødhjelpsorganisasjon. Dei fire kjeldetypane som viste seg å skilje seg mest ut var *politiskarar*, *sivile*, *militærfolk* og *media* (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 52). Av totalt 5826 kjelder var 1608 av dei politiskarar, 773 sivile ofre, 726 militærpersonar og 653 av kjeldene var andre medier (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 51-53). Resultata låg grunnlaget for Kristensen & Ørstens konklusjon om at danske medier forsøkte å gje eit uavhengig bilete av krigen fyrst og fremst ved å nytte seg av mange sivile kjelder. Dei danske mediene nytta også deira eigne reporterar og korrespondentar som augnevitne, analytikarar og tolkarar av krigen (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59). Samstundes konkluderte professorane med at det i stor grad berre vart eit supplement til den offisielle dekninga av krigen, kor militæret og politiske kjelder var dominerande (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59). Difor vart den uavhengige journalistikken i prinsippet ein del av koalisjonens versjon av krigen, i staden for å vere ein reell utfordrar til den (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59).

Eg skal nå gå inn på mitt val av metode for undersøkinga. I min analyse skal eg finne ut i kor stor grad krigens ofre sjølv er kjelder i medias dekning, ettersom tidlegare forskning ikkje seier noko om dette.

Kapittel 3 Metode

I kommande kapittel vil eg presentere korleis eg har gått fram med oppgåva og kva for ein metode eg har nytta meg av. Eit forskingsprosjekt forbind nok dei fleste med å samle inn informasjon for så å skrive om resultatane (Halvorsen, 2018, s. 19). Ifølgje Halvorsen er det vel så viktig å utforme eit opplegg for undersøkinga med utgangspunkt i ein problemstilling, i tillegg til å legge vekt på organisering, dokumentasjon av innsamla data (Halvorsen, 2018, s. 19). Difor har eg tenkt meg godt om for å finne ut korleis eg på best mogleg vis kunne finne svara på problemstillinga mi: I kor stor grad er det ofra sjølv som er kjeldene i norske mediers dekning av krigen i Ukraina?

Problemstillinga mi tek opp eit tema som er svært dagsaktuelt. Krigen i Ukraina har prega nyheitsbilete kvar dag sidan 24. februar. Eg har ikkje anledning til å gjere ein analyse av alle artiklar og reportasjar som norsk media har laga om krigen. Som nemnd i innleiinga vart det berre sidan 24. februar fram til 7. april publisert nesten 90.000 artiklar (Lavik, 2022, Journalisten). Det er naturleg å anta at det totale talet på artiklar om krigen berre har auka sidan det. Det hadde vore altfor tidkrevjande og omfattande å skulle ha tilarbeida eit så stort datamateriale. Difor har eg valt å avgrense området til nettartiklar i mediehusa VG og NRK, noko eg kjem nærare inn på straks. Dette vil dermed sei at eg ikkje skal undersøkje korleis fjernsynsprogramma til nemnde media har dekkja krigen. Dette er ein svakheit i min analyse, fordi reporterane vert i mykje større grad nytta som kjelder der enn det dei vert i artiklar. Dersom eg hadde innsamla eit større datamateriale og gjort ein meir omfattande analyse, hadde eg mest sannsynlig fått eit meir korrekt bilete av mediedekninga. Med mitt utval får eg berre eit glimt av ei omfattande mediedekning. Dette er difor ein også svakheit med min analyse.

3.1 Kvantitativ innhaldsanalyse

Eg landa på å nytte meg av ein *kvantitativ innhaldsanalyse* som grunnlag for analysen mi. Ein kvantitativ innhaldsanalyse vil sei å gjere ein systematisering av dei delane av innhaldet i tekstar, bilete eller andre relevante kjelder for ei spesifikk problemstilling (Grønmo, 2020). Med ein kvantitativ innhaldsanalyse vil eg sitte igjen med tal som gjer meg moglegheit til å gjennomføre fleire rekneoperasjonar, som igjen vil kunne gje meg relevante svar på problemstillinga mi. Ifølgje Dalland bidreg også metoden til å få ein betre forståing av

samfunnet vi lev i og korleis kvar enkelt menneskje, grupper og institusjonar samhandlar (Dalland, 2017, s. 112). I tillegg til å gå nærare inn på valet av denne metoden vil eg også presentere utvala mine og gje ei grunngjeving for dei.

3.2 Einingar

I ein kvantitativ innhaldsanalyse er det dokumenter, verbale utsegn eller bilete som er datakjeldene for analysen (Halvorsen, 2018, s. 140). Og som Østbye et. al. påpeikar er det problemstillinga som utgjer kva som er ein høveleg eining for prosjektet (Østbye, Knapskog, Helland & Larsen, 2003, s. 214). I motsetning til i undersøkingar som tek i bruk spørjeskjema kor det i dei fleste tilfelle er enkelt å definera at det er person som er eininga, er det ofte meir problematisk å finne ein riktig definisjon av eining i innhaldsanalysar (Østbye et al., 2003, s. 213). Ut i frå problemstillinga har eg komme fram til *artiklane* vert eininga i denne analysen.

3.3 Utval av einingar

Ved å nytte innhaldsanalyse må ein vita kva for eit univers av utsegn ein ynskjer å seie noko om (Østbye et al., 2003, s. 217). I denne undersøkinga er det i hovudsak kjeldebruken i dekninga av krigen i Ukraina vi skal sjå nærare på. Og sidan dekninga av krigen har vore svært omfattande må eg i dette tilfelle foreta eit utval. Ifølgje Østbye et. al., skjer det utvalet ofte i to eller tre steg. Ein må velje kva for nokre medier og kanalar ein skal ta utgangspunkt i, og deretter bestemmer ein seg for kva for tidsperiodar som skal dekkas (Østbye et al., 2003, s. 218). Utvalet av medier, kanalar og tidspunkt for analysen i denne undersøkinga er bestemt med bakgrunn ressursbruk, tid og at det er mogleg å gjennomføre. Det er desse utvala eg no skal gjere greie for.

3.3.1 Mediehus

Utvala av mediehusa som eg skal sjå nærare på er valt på bakgrunn av at dei skal vere representative for mainstream media i Noreg. Eit mediehus er eit av fleire ord som beskriv ein redaksjon som produserer innhald til fleire plattformer. Det er mange store mediehus nasjonalt, mellom anna VG, Dagbladet, Tv2, Aftenposten og NRK for å nemne nokon. Det hadde vore interessant å undersøkt alle dei nemnde, men eg har måtta avgrensa til berre to mediehus. Då enda eg opp med mediehusa VG og NRK. For augneblikket er VG landets

største mediehus med ein samla dekning for nett og papir på i underkant av 2, 2 millionar menneskjer (Mediebedriftene, 2021). Like etter kjem NRK med sine nær 1,5 millionar lesarar og sjåarar. Både NRK og VG er forholdsvis like og kan samanliknas med fleire av dei mediehusa eg nemnde tidlegare. Difor meiner eg utvalet av mediehusa kan seias å vere representativt for mainstream media i Noreg. NRK har med sine 3500 arbeidarar langt fleire tilsette enn VG. Ifølgje VGs offisielle LinkedIn-profil har dei eit tal som varierer mellom 200-500. Det bør likevel nemnas at inkludert i dei 3500 tilsette i NRK, er det ein god del som ikkje jobbar med journalistisk innhald. Men med så mange tilsette har både NRK og VG moglegheit til å drive eigen kritisk journalistikk på krigen i Ukraina, noko som også var avgjerande faktor i utvalet av mediehus i undersøkinga.

3.3.2 Tidsperiode

Tidsperioden eg har komme fram til har som fleire av dei andre variablane vore påverka av problemstillinga. I nokre tilfelle er det ynskjeleg med noko som vert kalla ei *konstruert uke*, til dømes dersom store saker som stortingsvalet har dominert nyheitsbilete slik at ein ikkje får riktig bilete av det ein ser på som ein normal periode (Østbye et al., 2003, s. 217). Då vel ein til dømes velje første måndagen i januar, så tysdag to veker etter og onsdag to veker etter der igjen. Slik fortsett ein heilt til ein har eit tilstrekkeleg tal nyheitsdagar.

I dette prosjektet ynskja eg å følgje dekkinga av ein bestemt sak, nemleg dekkinga av krigen (Østbye et al., 2003, s. 217). Men sidan alle mediehusa har skrive enormt mykje om krigen allereie, og eg skal inn og analysere kvar enkelt artikkel måtte eg avgrense til eit glimt av det «vanlege» nyheitsbilete. Helt konkret omfattar analyser ein fem dagars mediedekning fordelt på følgjande periode:

- Frå og med måndag 28. februar til og med fredag 4. mars.

Denne analyseperioden vart valt ut på grunnlag av at sidan krigen braut ut torsdag 24. februar, hadde mediehusa fått tid til å sende eigne journalistar og fotografar til Ukraina for å drive sjølvstendig kritisk journalistikk. Då får eg eit bilete av korleis nyheitsdekkinga har vore generelt hos begge mediehusa (Østbye et al., 2003, s. 217).

3.3.3 Kanalar

Som nemnd produserer mediehusa innhald til fleire plattformar, også kalla *kanalar*. Dei forskjellige kanalane kan vere både på papir, nett, sosiale medier og TV/radio. Fleire av desse kanalane hadde vore interessant å undersøkt, kanskje spesielt TV fordi der har dei moglegheita til å ha eit visuelt innhald av sivile kjelder i krig. Men eg har avgrensa utvalet av kanalar til *nettartiklar*, fordi det er det som er kanalen som dei fleste mediehusa har som sin hovudprioritet i dag. Det vil sei at det er nettartiklane i både VG og NRK.no eg kjem til å analysere. Med dagens teknologi er det også mogleg å ta inn kjelder på fleire måtar inn i nettartiklar, til dømes kan ein leggje ved video og lydklipp. Når eg skal analysere analyseiningane vil eg berre undersøke tekstinnhaldet, bileter og eventuelle videoar i nettartiklane. Nettartiklane eg skal analysere er dei som handlar om krigen. Dei finn eg gjennom programmet Retriever som eg har nytta for å innhente data til analysen min. Programmet har gitt meg moglegheit til å finne artiklane gjennom søkeorda: Ukraina, Russland, invasjon og krig. Med desse søkeorda fekk eg totalt 291 artiklar hos mediehusa NRK og VG. Då var kriteriet at minst eitt av dei fire orda måtte vere ein del av artikkelen. Men ikkje alle artiklane var relevante for denne analysen. I fleire av artiklane vert eitt eller fleire av orda berre nemnt, men ikkje fokus i artikkelen. Dette var spesielt VG flinke til. Dermed enda eg opp med å fjerne 67 artiklar frå undersøkinga, og sat igjen med totalt 224 analyseiningar til slutt. Totalt i undersøkinga har eg analysert 224 artiklar.

3.4 Variablar

Det som skildrar tekstanes *form* og *innhald* kan vi definera som variablar i ein innhaldsanalyse som i denne analysen (Østbye et al., 2003, s. 218). Form kan til dømes innebera at avisenes innhald klassifiserast etter tekstens sjanger, medan innhaldet kan delast inn på fleire måtar, mellom anna etter *tendens* som vil sei at ein går i retning av korleis temaet vert presentert positivt eller negativt i forhold til bestemte aktørar slik eg i stor grad gjer i dette prosjektet (Østbye et al., 2003, s. 218). Eigenskapane til artiklane i denne analysen, som er variablane, er følgjande:

- Biletbruk
- Kjelder
- Vinkling

Eg har gjort ein *operasjonalisering* av alle dei tre variablane. Det vil sei at eg vil gjere greie for korleis målinga av variabelen skal gjennomførast, til dømes ved å gi variablane nokre verdiar. No skal vi komme nærare inn på kvifor eg har valt ut dei forskjellige variablane og presentere dei.

3.4.1 Biletbruk

Gjennom datamatrise 1 har eg laga ein måte å koda materialet på ved å ha eit innsnevra tal kategoriar eg kan kartlegge artiklane i. Under analysen vil eg då kunne plassere kvar enkelt analyseining inn i kartlegginga basert på om det er tatt i bruk bileter av sivile ofre i krigen eller ikkje. Kategoriane «bilete av ofra i artikkelen» og «ikkje bilete av ofra i artikkelen» kan definerast som verdiar for variablane. Det vil sei at i kvar nettartikkel eg analyserer vil eg sjå etter bileter eller videoar kor sivile ofre er avbilda. Dette kan vere både ukrainske og russiske sivile, sidan begge landa er ein del av krigen. Dette vil gjer at eg sit igjen med datamateriale som kan gjerast om til talfesta resultat. Resultata frå denne variabelen vil gje meg konkrete og relevante svar på problemstillinga mi: I kor stor grad er dei sivile ofra sjølv kjelder i eit utval av medias dekning av krigen i Ukraina?

Datamatrise 1

	Bilete av ofra i saka	Ikkje bilete av ofra i saka
NRK		
VG		

3.4.2 Kjelder

I likskap med datamatrise 1 i 3.4.1, har eg også laga ein datamatrise 2 som gjer det mogleg for meg å koda materialet som eg seinare skal kartlegge. Ved denne anledninga er det kjeldene i artiklane som er interessante å analysere. For å finne svara på problemstillinga vil det vere avgjerande for prosjektet å finne ut kven som har vert kjeldene i analyseiningane i analysen. I datamatrisa har eg med ni verdiar. Her har eg henta inspirasjon frå undersøkinga som professorane Kristensen og Ørsten gjorde av Irak-krigen. Dei ni verdiane er «norske politikarar», «utanlandske politikarar», «militærperson/organisasjon», «kjelder som taler på

vegne av Ukraina» (til dømes myndigheiter, president osv.), «kjelder som taler på vegne av Russland», «fredsorganisasjonar» (til dømes EU og FN), «media sjølv» (journalistar, medier), «sivile ofre» (både ukrainske og russiske) og «andre». Med desse verdiane vil eg etter analysen sitte igjen med konkrete tal som også her gjer meg direkte svar på problemstillinga. Dette vil vere ein svært omfattande del av analysen, difor har eg valt å avgrense kva for nokre kjelder eg vil ta med i undersøkinga. Då har eg komme fram til at dei kjeldene som er sitert med sitatstrek vil bli tatt med, mellom anna fordi det gjer analysen enklare å etterprøvast. Totalt har eg analysert 566 kjelder i dette prosjektet.

Datamatrikse 2

	Norske politikarar	Utanlandske politikarar	Militærperson/organisasjon	Ukraina	Russland	Fredsorganisasjon	Media sjølv	Sivile	Andre
NRK									
VG									

3.4.3 Vinkling

Ein viktig del av medias nyheitsformidling handlar om korleis dei presenterer nyheitene, eller korleis dei *vinklingar* sakene. I redaksjonane er det mykje fokus på det å ha ein god vinkling, fordi dei ynskjer å nå ut til flest mogleg lesarar. I analysen min hadde eg også eit underspørsmål som spør om media har belyst begge sider av saka i tilfella kor dei sivile ofra er kjelder visuelt i dekninga av krigen i Ukraina. Eg har valt å definere ein sak som har belyst begge sider med at artikkelen har siterte kjelder frå både ukrainske- og russiske myndigheiter (eller andre personar som ytrar seg på vegne av landa). Dette legg grunnlaget for kor eg kan plassere analyseiningane. I datamatrikse 3 har gitt variabelen to verdiar, nemleg «belyst begge sider», og «ikkje belyst begge sider». Med denne kodinga vil eg sitte igjen med prosentvise tal som kan sei nøyaktig kor mange av analyseiningane som hadde belyst begge sider av saka.

Datamatrikse 3

	Belyst begge sider	Ikkje belyst begge sider
NRK		
VG		

3.5 Feilmargin

I oppgåva tek eg utgangspunkt og gjer analyse av datamateriale frå 28. februar til 4. mars. Utvalet gjer at eg sit igjen med over 300 analyseeningar. Men som eg nemnde tidlegare vert det skrive nesten 90.000 artiklar om krigen i Ukraina allereie frå 24. februar til 7. april (Lavik, 2022, Journalisten). Det vil sei at med utvalet mitt kan eg ha gått glipp av dagar kor NRK og VG til dømes har hatt eit større fokus på innhald av dei sivile i krigen i Ukraina. Med analyseverktøyet Retriever er det heller ingen garanti for at eg har fått med meg absolutt alle artiklane som handlar om krigen i Ukraina.

Før eg starta på analysen av artiklane hadde eg ein hypotese om at dei ukrainske ofra kjem meir til uttrykk enn det andre ofre har gjort i tidlegare krigar. Det er viktig for meg å presisere at eg har vore bevisst på å gje ein objektiv tolking av innhaldet. Eg syns det gjekk greitt å være objektiv under gjennomføringa av analysen, fordi eg hadde operasjonalisert variablane.

Kapittel 4 Empiri

No har vi komme til den delen av oppgåva der eg skal presentera empiri, som i denne undersøkinga er resultatata frå den kvantitative innhaldsanalysen eg har gjort.

4.1 Biletbruken

I fyrste del av kapitlet om empiri vil eg presentera resultatata for korleis biletbruken av dei sivile ofra var i dekninga til NRK og VG.

4.1.1 Biletbruk NRK

Datamatrise 1.1

	Bilete av ofra i saka	Ikkje bilete av ofra i saka
NRK	29	31

I analysen har eg undersøkt totalt 60 artiklar frå NRK. I 29 av desse artiklane fant eg ut at det var bilete(r) eller video(ar) av sivile ofre frå krigen, medan 31 av artiklane ikkje hadde med sivile. Eg gjorde også eit forsøk i å registrere kvart enkelt offer som var avbilda, men det var ikkje alltid like enkelt då nokre av bileta viste fleire titals personar. Likevel kom eg fram til at NRK hadde bilete av minst 80 sivile ofre i artiklane eg undersøkte.

4.1.2 Biletbruk VG

Datamatrise 1.2


	Bilete av ofra i saka	Ikkje bilete av ofra i saka
NRK	67	97

Det totale talet på VG-artiklar eg analyserte kom på 164. Som vi kan sjå i datamatrise 1.2 fant eg ut at det var 67 artiklar med bilete(r) eller video(ar) av sivile ofre frå krigen. Matrisa viser også at det var 97 artiklar som ikkje inkluderte sivile ofre gjennom bilete eller video. Også i VG-artiklane registrerte eg talet på sivile ofre som var avbilda. Her kom talet på minimum 193 sivile ofre.

4.2 Kjeldebruk

I denne delen av empirien vil eg presentere i kor stor grad dei forskjellige kjeldene vart representert i utvalet av artiklane eg analyserte. Kategorien «andre» vart som venta dominerande, men det var fleire interessante funn som vart gjort.

4.2.1 Kjeldebruk NRK



Figur 1


Når vi summerer opp alle kjeldene i datamatrise 2.1 finn vi ut at NRK nytta seg av til saman 181 kjelder i utvalet eg undersøkte. Det er viktig å presisere at det ikkje betyr at det var 181 forskjellige kjelder, fordi same kjelde kan ha blitt nytta i fleire artiklar. Eit døme på ei kjelde som gjekk att fleire gonger er Norges statsminister Jonas Gahr Støre. Som vi kan lese av matrisa (under) vart 22 sivile kjelder sitert munnleg i dei 60 artiklane frå NRK. Dermed var det den største kjeldetypen etter kategorien «andre», og stod bak 12% av dei siterte kjeldene. Elles kan vi sjå at russiske ytringspersonar (talspersonar) var den kjeldetypen som vart sitert minst. Resultata viser at ytringspersonar frå ukrainske myndigheiter vart sitert tre gonger så mykje som dei russiske.

Datamatrise 2.1

	Norske politikarar	Utanlandske politikarar	Militærperson/organisasjon	Ukraina	Russland	Fredsorganisasjonar	Media sjølv	Sivile	Andre
NRK	19	13	20	18	5	8	18	22	58

Her kan vi sjå dei eksakte resultatane på kor mykje alle kjeldetypene vart sitert munnleg i NRK totalt.

4.2.2 Kjeldebruk VG



Figur 2


VG nytta til saman 385 siterte kjelder fordelt på dei 164 analyseiningane. Også i dette mediehuset var sivile den mest siterte kjeldetypen etter kategorien «andre». Sivile ofre stod for 17% av dei siterte kjeldene, noko som er fem prosent meir enn norske politikarar som var den største kjeldetypen etter dei sivile ofra. Med sine 4% er det russiske ytringspersonar som er den minst siterte kjeldetypen også i VG. Resultata viser også at Ukrainske ytringspersonar vart sitert i like stor grad som kategorien militærperson/organisasjon. Begge vart sitert 41 gonger kvar.

Datamatrikse 2.2

	Norske politikarar	Utanlandske politikarar	Militærperson/organisasjon	Ukraina	Russland	Fredsorganisasjonar	Media sjølv	Sivile	Andre
VG	51	26	41	41	16	20	25	64	101

Her kan vi sjå dei eksakte resultata på kor mykje alle kjeldetypene vart sitert munnleg i VG totalt.

4.3 Vinkling



Figur 3

I figur 3 ser vi resultatene frå analysen av medias vinkling i delen av utvalet kor sivile ofre var sitert minst ein gong munnleg. Her kan vi sjå at det er relativt stor forskjell på dei to mediehusa. I NRK har dei belyst begge sider av saka i 13 av analyseeiningane. Det tilsvara 45% av artiklane. Dei resterande 16 artiklane belyste ikkje begge sider av saka. I VG hadde 17 av analyseeiningane belyst begge sider av saka, men det var heile 44 einingar kor det ikkje var tilfelle. Dermed var det berre 28% av artiklane i VG kor sivile ofre var visuelt, som belyste begge sider av saka. Når ein legg saman resultatene frå begge mediehusa viser det seg at 33% av analyseeiningane belyste begge sider av saka, medan 67% ikkje gjorde det.

Kapittel 5 Analyse og diskusjon

I denne delen av oppgåva skal eg diskutere dei resultatene eg har funne opp mot teorien eg presenterte i kapittel 2. Mot slutten av kapittelet vil eg etter kvart komme med det som vert min konklusjon av undersøkinga.

Eg vil byrje med å sjå på det som Brurås omtalte som det fundamentale for eit velfungerande demokratisk samfunn, nemleg samfunnsoppdraget (Brurås, 2015, s. 37). De er ingen tvil om at krig og konflikt er saker som har tyding i samfunnssamanheng. Som Brurås då påpeiker har innbyggjarane rett på å bli opplyst om krigen, og dette er noko media har tatt på alvor. Som tidligare nemnd vart det mellom 24. februar og 7. april publisert nesten 90.000 artiklar om krigen, og talet har berre vekt sidan det (Lavik, 2022, Journalisten). I utvalet av analyseiningar var det totalt 224 artiklar, som altså bestod av fem dagar i to mediehus.

Som vi var inne på i teoridelen er det ikkje eit krav at den journalistiske mediedekninga av Ukraina-krigen er objektiv. Likevel skal den vere så nær sanninga som mogleg (Brurås, 2015, s. 54). Som resultat frå analysen viste har mediehusa i mitt utval nytta eit breitt spekter av kjelder. Både NRK og VG har vore tett på dei sivile ofra som har fortalt deira historier frå krigen.

På den andre sida viser resultat frå analysen at russiske myndigheiter eller andre ytringspersonar frå Russland har blitt betydeleg mindre sitert enn det ukrainske myndigheiter. I fleire tilfelle under analysen viste det seg at media refererte til nyheiter som ukrainske myndigheiter eller andre medier meldte om. Dette var noko Burås viste til at hadde skjedd konsekvent under første del av krigen i Vietnam (Brurås, 2015, s. 50). Då refererte dei amerikanske mediene ukritisk og lojalt til nyheitene som Pentagon presenterte dei. Etter kvart som media bestemte seg for å undersøkje krigen sjølv, fant dei ut at fleire av nyheitene dei hadde fått viste seg å ikkje vere sanne.

Journalisten og forskaren Philip Knightley presiserte at media har ei viktig rolle under krigføring (Schwebs et. al., 2020, s. 124). Han meiner mellom anna at media let seg bruke og manipulere av statsmaktene ved situasjonar som vi no har i Europa. Ut i frå resultat frå mi analyse kan vi sjå at statsmaktene har fått stor plass i mediedekninga. Dersom ein summerer kategoriane norske politikarar, utanlandske politikarar, ukrainske og russiske ytringspersonar i utvalet av VGs dekning av krigen står dei for 35% av dei siterte kjeldene. Det vil sei at dersom media ikkje har vore kritiske nok i arbeidet med å finne ut om opplysningane som desse kjeldene har komme faktisk er sanne, har statsmaktene kunne drive strategisk propaganda gjennom media.

Det førar meg vidare i analysen. For dette ville eventuelt ikkje vore fyrste gong statsmaktene nyttar media til å nå ut med sin propaganda. I teori-kapittelet presenterte eg nokre punkter som forskaren Knightley har funne for kva som er viktig for propagandaen under krig. I same avsnittet viste eg også til konkrete dømer kor media har hatt linkande innhald i dekninga av krigen i Ukraina. Medan eg gjennomførte innhaldsanalysen fant eg også fleire tilfelle kor artiklanes innhald stemte med Knightleys punkter. Deriblant at Russland vart tydeleg omtalt som ein farleg aggressor. I tillegg vart krigen langsigte konsekvensar presentert, sjølv om Noreg ikkje er direkte trua av krigen.

Som eg gjorde greie for i teorien forska John W. Roberstons på skotske morgonavisers dekning av Irak-krigen. Då konkluderte han med at media hadde eit manglande søkjelys på dei sivile ofra og omkostningane i krigen (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 15). Dette var også eit fellestrekk i forskinga som blei gjort på dette feltet i slutten av 90-talet. Dei sivile ofra var så godt som redigert ut av dekninga av krigar. I staden brukte media i stor grad militære kjelder. Fråveret av dei sivile ofra i media vart forklart på forskjellig vis. Ein analyse peika på mediejuridiske forhold (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 16). Den meinte at media valte å ikkje publisere bileter av ofra av omsyn til etiske retningslinjer som sjølvensur og reell sesur (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 16). Ein annan forklaring var Hans-Henrik Holms markedspektiv. Det gjekk ut på at lesarar og sjåarar ikkje ynskjer å sjå for mange bileter av såre eller daude frå krigar (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 17). Og for media som har moglegheit til å tene pengar på ein god dekning av krigen, meinte Holm at dei av omsyn til lesarane unngjekk å vise den sida av krigen (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 17). På den måten estetiserte media tidlegare krigar meinte han. Teorien fikk medhald av amerikanske og britiske studiar som viste at folk faktisk ikkje ynska å vite for mykje konkret om korleis krigane vert utkjempa (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 17).

Samanlikna med resultatata frå min analyse kan ein slå fast at media har endra seg betrakteleg sidan den gongen Robertson analyserte dekninga av Irak-krigen. Eit talfesta døme på det er at av dei 60 analyseiningane i NRK hadde 48% av dei bilete eller video av sivile ofre. Det vil sei at dei var representert i så godt som annakvar artikkel. Resultata frå min analyse viste også at sivile ofre var den nest mest siterte kjeldetypen i analyseiningane, med høvesvis 12 og 17 prosent av kjeldene i NRK og VG. I sistnemnde var det heile 64 sivile offer som vart sitert med sitatstrek. Det hadde sjølv sagt vore interessant å samanlikne mine tall med Roberstons eigne tal frå sin analyse. Diverre presenterte han ikkje desse tala i boka som eg referer til,

berre konklusjonen han kom fram til som var at sivile kjelder var fråverande i mediedekninga (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 15).

Til tross for at sivile ofre i større grad er kjeldene i dekninga enn tidlegare, er militære kjelder framleis ein av dei mest siterte kjeldetypane. Det viser resultatane frå undersøkinga mi. I NRK var dette den tredje mest siterte kjeldetypan, og i VG var den på plass nummer fire. Det ville likevel vore merkeleg om militære kjelder var fråverande i mediedekninga av ein krig, då dei faktisk er ein viktig del av den.

I teorien såg eg og på undersøkinga som professorane Kristensen og Ørsten hadde gjort av krigen i Irak. Metoden som professorane nytta seg av var den eg henta inspirasjon av til undersøkinga mi av kjeldebruken i NRK og VG. Kristensen og Ørsten kom fram til at det var kjeldetypane politikarar, sivile, militærfolk og media som skilte seg mest ut (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 52). Det er interessant å sjå at det er mykje likt samanlikna med mine resultat. Sidan eg ikkje hadde like mange kategoriar som Kristensen og Ørsten i min undersøking var det forventa at kategorien «andre» ville bli dominerande, fordi fleire kjelder ville gå under den kammen. Dersom vi ser bort i frå den, var dei fire største kjeldetypane sivile, norske politikarar, militærperson/organisasjon og ukrainske ytringspersonar (som mellom anna inneheld ukrainske militærpersonar).

I motsetnad til Kristensen og Ørstens undersøking kor media skilte seg ut, var det ein mindre kjeldetype i min undersøking. Dette kan ha fleire årsakar. For det fyrste avgrensa eg til kjelde som var sitert munnleg. I analysen fant eg ut at media ofte berre refererte utan å sitere munnleg då dei nytta seg av andre medier som kjelder. Då vart dei ikkje registret i min analyse, men det gjorde dei i Kristensen og Ørstens analyse. Ein annan mogleg årsak til at media var større i deira undersøking er at TV og radio var ein del av utvalet deira. På TV og i radio vert journalistar i mykje større grad nytta som kjelder sjølv, enn det dei vert i artiklar. I sistnemnde er det vanlegare at ein nyttar seg av andre kjelder enn seg sjølv, sjølv om det var nokre dømer kor journalistane hadde skildra eigen oppleving frå krigen i Ukraina også i min analyse. Med resultatane frå Kristensen og Ørstens undersøking konkluderte dei med at danske medier gjorde eit forsøk på å gje eit uavhengig bilete av krigen, fyrst og fremst ved å bruke mange sivile kjelder (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59). Det same kan ein absolutt sei om medias dekning av krigen i Ukraina, ut i frå resultatane av undersøkinga mi. Til saman i VG og NRK utgjorde dei nemleg 15% av alle dei siterte kjeldene i mitt utval. Men Kristensen og

Ørsten konkluderte også med at det var militæret og politiske kjelder som var dei dominerande kjeldene (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59). Derfor meinte professorane at dei sivile ofra og journalistanes egne historier frå Irak-krigen berre vart eit supplement til den offisielle dekninga av krigen, og at den uavhengige journalistikken berre vart ein del av koalisjonens versjon av krigen (Kristensen & Ørsten, 2005, s. 59). Dette er observasjonar som ein kan dra parallellar til også i dekninga av krigen i Ukraina. Sjølv om dei sivile ofra har vore ein betydeleg del av dekninga både som munnlege kjelder og visuelt, har dekninga også vore prega av at heile kjelder over heile Europa har tatt eit standpunkt om å fordømme Russlands handlingar. Dette viser resultatata frå undersøkinga mi gjennom tala på norske og utanlandske politikarar som til saman utgjør 19% av dei siterte kjeldene. Nokre få av dei utanlandske politikarane var kinesiske, som var dei einaste som ikkje uttalte seg negativt om Russland (men heller ikkje positivt).

Noko eg fant overraskande var at VG hadde fleire artiklar som var basert på berre ei kjelde, altså det ein kallar for einkjeldesjournalistikk. Som Brurås var inne på i teoridelen er det noko som strider i mot journalistikkens prinsipp om at journalistikken skal belyse begge sider av same sak på bakgrunn av fleire forskjellige kjelder (Brurås, 2015, s. 51). Og som vi veit har dei fleste vestlige land tatt eit tydelig standpunkt kring Ukraina-krigen. Dei fordømmer Russlands handlingar. Når vi ser kven som har vore kjeldene i mainstream-media i Noreg kan ein derfor sei at mediedekninga i stor grad har vore i favør Ukraina. Ein annan ting som overraska meg med resultatata frå analysen var å sjå kor stor forskjell det var på VG og NRK i figur 3. Analysen viser at NRK var meir konsekvente enn VG til å sitere både russiske og ukrainske myndegheiter munnleg. Dette betyr sjølvsagt ikkje at VG ikkje informerer frå begge sider i dekninga av krigen. Men i dei 72% av artiklane kor dei «ikkje hadde belyst begge sider av saka», hadde dei ikkje sitert begge sider munnleg. Ut i frå resultatata som vi kunne sjå i figur 3, kan det verke som NRK er meir bevisste på å sitere begge sider då dei har moglegheit til det. Med tanke på idealet om objektivitet i journalistikken vil begge sider av saka komma tydelegare fram dersom både ukrainske og russiske myndegheiter vert sitert munnleg.

5.1 Vidare forskning

I dette prosjektet har eg tatt utgangspunkt i tidlegare forskning, og gjort min eigen undersøking av mediedekning av krig. Eg har analysert 224 nettartiklar og totalt 566 munnleg siterte kjelder. Men det er fortsatt mykje ein kan forske vidare på innan krigsjournalistikk. Eg tykkjer det hadde vore spesielt interessant å tatt problemstillinga eit steg vidare og spurt seg: korleis har det visuelle innhaldet frå mediedekninga av denne krigen påverka lesarane og sjåarane? Så langt i Ukraina-krigen har vi sett særskilte grafiske og sensitive bileter av mellom anna lik som har låge strødd i gatene, og bomber som har eksplodert inn i sivile bustadområde. Andre ting ein kan forske vidare på er kva konsekvensar sosiale medier har hatt for mediedekninga av krigen i Ukraina, og for framtidige kriger. Vil det bli meir fake news? Kva kan ein stole på av bileter og videoar som blir påstått å vere ekte? Dette hadde vore interessant å undersøkje og finne meir ut av.

5.2 Konklusjon

I denne siste delen av oppgåva vil eg komme opp med ein konklusjon på oppgåva. Konklusjonen vil forsøke å svare på problemstillinga som var følgjande: *I kor stor grad er det ofra sjølv som er kjeldene i eit utval av medias dekning av krigen i Ukraina?*

Som tidlegare nemnd tok problemstillinga utgangspunkt i tidlegare forskning som sa at sivile ofre var så godt som redigert ut av mediedekninga av kriger. Det er heilt tydeleg at mainstream-media har endra på dette sidan den gongen. Gjennom resultata frå min analyse har eg funne ut at sivile ofre var den kjeldetypen som var mest sitert munnleg etter kategorien «andre». I NRK vart sivile ofre presentert 48% av artiklane i utvalet, noko som vil sei at omtrent annakvar artikkel viste eit sivilt offer frå krigen.

Eg kan difor slå fast at hypotesen min om at ukrainske offer har komme meir til uttrykk, enn det sivile ofre gjorde i til dømes Irak-krigen i 2003, stemmer. Men framleis står politikarar og militærpersonar for mykje av opplysningane vi får frå krigen, slik dei også gjorde tidligare.

Litteraturliste

Bøker

Brurås, S. (2014). *Etikk for journalister*. (5. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Halvorsen, K. (2018). *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsviteskapelig metode*. Oslo: Cappelens Forlag as

Kristensen, N. & Ørsten, M. (2006). *Krigen i medierne, medierne i krig*. Frederiksberg: Forlaget Samfundslitteratur

Schwebs, T., Ytre-Arne, B. & Østbye, H. (2020). *Media i samfunnet*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Østbye, H., Knapkog, K., Helland, K., Larsen, L. (2007). *Metodebok for mediefag* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget

Artiklar og nettsider

Bogen, Ø & Aune, A. (2022, 3. mars). – Putin er satan. Han er fanden selv! *TV2*. Henta frå <https://www.tv2.no/a/14617947/>

Grønmo, S. (2020, 5. oktober). Innholdsanalyse. Henta frå <https://snl.no/inneholdsanalyse>

Jerijevi, D. R. (2022, 2. mars). Her er Norges største nettaviser – VG topper listen. *Kampanje*. Henta frå <https://kampanje.com/medier/2022/03/her-er-de-mest-leste-nettavisene/>

Lavik, I. (2022, 7. April). Undersøkelse: Nordmenn fornøyde med mediedekningen om Ukraina. *Journalisten*. Henta frå <https://journalisten.no/beijing-ol-kortnytt-mediensyheter-frantb/undersokelse-nordmenn-fornoyde-med-mediedekningen-om-ukraina/512889>

Mediebedriftene. (2021, 15. september). Mediehusenes lesertall: VG størst totalt – Aftenposten størst på papir. Henta frå <https://www.mediebedriftene.no/artikler/2021/mediehusenes-lesertall--vg-storst-totalt---aftenposten-storst-pa-papir/>

Nave, B. O. (2022, 11. april). WTO: Ukraina-krigen frå store konsekvenser for den globale handelen. *VG*. Henta frå <https://direkte.vg.no/krig-i-ukraina/news/wto-ukraina-krigen-faar-store-konsekvenser-for-den-globale-handelen.ho2I1PMJb>

Nave, O. B., Foss, B. A., Lægland, M. (2022, 4. april). En hel verden fordømmer Russland etter rystende bilder: Kreml hevder de var iscenesatt. *VG*. Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/utenriks/i/wOjxpM/en-hel-verden-fordoemmer-russland-etter-rystende-bilder-kreml-hevder-det-var-iscenesatt>

Revheim-Rafaelsen, M. & Thommessen, K. J. (2022, 25. mars). Setter av 5 milliarder til flere mottaksplasser: - Vi setter på en historisk prøve https://www.nrk.no/norge/ukraina-krigen-far-konsekvenser-for-norge_-store-orienterer-1.15907402